



Kommunane i Møre og Romsdal

Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar 3. og 4. juni

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer til årleg fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar på Angvik Gamle Handelssted 3. og 4. juni 2015.

Hovudtemaet i år blir krisekommunikasjon og informasjonsberedskap. Andre aktuelle tema går fram av programmet, som er lagt ved dette brevet. Vi har framleis plass til å ta inn eit tema eller to til, andre dagen – dersom nokon har gode forslag eller erfaringar ein vil dele. Uansett kan vi garantere eit par dagar med passelege mengder fagleg påfyll, inspirasjon og nettverksbygging – i flotte, nordmørske omgjevnader.

I tillegg til det faglege programmet er det lagt inn ei omvising på museet som er tilknytt handelsstaden og hotellet. Dette vil gå føre seg innandørs.

Tips og hint om reiseruter går fram av programmet.

Fylkesmannen dekkjer ein del av kostandane, men det blir også fakturert ein eigendel på *inntil kr 2.000*. Denne kan bli lågare, men neppe mykje under kr 1.500,-. Av plassomsyn kan vi garantere sengeplass til ein deltakar frå kvar kommune. Fleire deltakarar er velkomne så langt det er plass. Først til mølla.

Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, www.fylkesmannen.no/mr, under lenka «kurs og konferansekalender» nedst på sida.

Frist for påmelding: tysdag 26. mai 2015.

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til på telefon 71 25 85 05/ 71 25 80 67 eller e-post: fmmrkurs@fylkesmannen.no. Spørsmål om programmet eller opplegget kan elles rettast til Atle Morsund på telefon 71 25 84 84 eller e-post atle.morsund@fylkesmannen.no.

Med helsing

Ketil Matvik Foldal (e.f.)
fylkesberedskapssjef

Atle Morsund

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Program

Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar 2015

Angvik Gamle Handelssted i Angvika, 3. - 4. juni 2015

Program

Onsdag 3. juni 2015

1130 - 1230	Føremiddagsmat og registrering.	
1230 - 1240	Opning	Ketil Matvik Foldal Fylkesberedskapssjef
1240 - 1300	Velkomen til Gjemnes	Odd Steinar Bjerkeset Ordførar
1300 - 1345	Gamalt, nytt og nyttig om samfunnstryggleik og beredskap - Prioritet i telenettet, fylkesmannen sine nettsider, nettverk for psykososiale kriseteam, fylkesROS, kommuneundersøkinga, tilsyn, ordførardag, NUSB, øvingar, ditt og datt, laust og fast ...	Ketil Matvik Foldal Fylkesberedskapssjef
1345 - 1400	Beinstrekk	
1400 - 1530	Hovudtema: Krisekommunikasjon Kommunikasjonsberedskap – slik lever dei der. Erfaringar og lure triks frå Kristiansund kommune. Kommunikasjonsberedskap – korleis førebu seg på det multimediale infernoet. Samarbeid mellom kommunane og politiet. Presentasjon av ny rettleiar for kriseinformasjon.	Petter Ingeberg Informasjonssjef i Kristiansund kommune Eli Anne Tvergrov Kommunikasjonsrådgjevar Sunnmøre politidistrikt
1530 - 1545	Beinstrekk	
1545 - 1700	Hovudtema: Kommunikasjonsberedskap Korleis styrke Kommunikasjonsberedskapen og krisekommunikasjonen i kommunane. Gruppearbeid og plenumsdiskusjon.	Alle
1700 - 1830	Eigenutvikling og sjølvrealisering Reinskiving av notat. Eller anna nyttiggjering av staden sine fasilitetar.	Alle
1830 - 1930	Omvising på museet	Atle Morsund Rådgjevar
1930 -	Middag og så vidare ...	Alle

Torsdag 4. juni 2015

0830 - 0915	Samarbeid mellom kommunane og politiet Erfaringar frå hendingar og refleksjon om korleis samarbeidet bør fungere – både før og under hendingar.	Thorry Aakenes Nordmøre og Romsdal politidistrikt
0915 - 0945	Atomberedskap ▪ Ny rettleiar for kommunal atomberedskap.	Ketil Matvik Foldal Fylkesmannen
0945 - 1030	Oversikt over beredskapsarbeidet Korleis få oversikt og system i kommunen sitt beredskapsarbeid. Råd og eksempel på oversiktsdokument som fastset kva kommunen skal ha av ROS-analysar og planverk og korleis den lokale beredskapsorganisasjonen skal utviklast og vedlikehaldast.	Ketil Matvik Foldal Fylkesmannen Anita Sundnes Ulstein kommune Ole Kjell Talberg Rauma kommune
1030 - 1050	Pause – utsjekk frå hotellet	
1050 - 1115	Erfaringsdeling ..? Kva har skjedd sidan sist? Har nokon erfaringar å dele? Har nokon ynskje om kva ein vil høyre? Denne posten er framleis open for innspel, og om nødvendig vert han utvida.	
1115 - 1200	Samarbeid mellom kommunane og tryggleik- og skadesaneringsbransjen Orientering om bransjen og vurderingar av behov og potensial for samarbeid.	Lasse K. Tenden NHO Service
1200 – 1215	Pause	
1215 - 1300	Ei økt om CIM ▪ Versjon 9.0 ▪ Nytt brukargrensesnitt på standard kommuneinstallasjon	Atle Morsund Fylkesmannen
1200 -	Føremiddagsmat, takk for no, vel heim og god sommar	Ketil Matvik Foldal Fylkesmannen

Reiseinformasjon

Angvika ligg i Gjemnes kommune, på sørsida av Tingvollfjorden, 54 km aust for Molde.

Hotellet

Fagsamlinga er lagt til Angvik Gamle Handelssted. For meir informasjon om hotellet sjå:

<http://www.classicnorway.no/hotell/angvik-gamle-handelssted>

I tilknytning til hotellet er det eit museum som viser handelsstaden si historie. Her har vi lagt inn ei omvising første kvelden. Hotellet har også eit badehus med spa-avdeling og velværebaseng. Sjå hotellet sin nettstad for nærare omtale.

Økonomi

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Statens strålevern har gitt fylkesmannen økonomisk støtte til å gjennomføre denne samlinga. For å kunne arrangere over to dagar, må vi likevel ta ein eigendel på *inntil* kr. 2.000. Denne vil dekkje overnatting, alle måltid og omvisinga i museet. Eigendelen blir fakturert i ettertid og *kan bli lågare* – avhengig av kor mange som deltek.